

NVE

Innsendt dato: 01.04.2016

Referansenummer: IBWAXL

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	201208243
Sakstittel	Storhaugen kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Björg Celius og Einar Jetne
Telefon	75046394
Adresse	Postboks 109
Postnr	8861
Poststad	Tjøtta
E-post	einarjetne@gmail.com

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	Dette er ei felles høyringsfråsegn frå 7 som bur på Tjøtta i Alstahaug kommune. Vi har i mange tiår brukt områda ved Vistenfjorden til rekreasjon, og næring (sommarbeite for sau). Ein av oss eig hytte og ein leiger småbruk som kombinert fritidsbustad og "base" for sommarbeite i fjellområde ovafor fjorden Nedafor vil vi i tre korte punkt grunngje holdningane våre til planane om å etablere Storhaugen kraftverk: 1. Tiltaket må kome i strid med planane for heile Vistenfjorden som marint verneområde, eit vern for å sikre Vistenfjorden som den "reinaste" fjorden i landet, urørt av påverknad frå større naturinngrep. 2. Den planlagte kraftstasjonen vil endre vassføringa i elver ovafor kraftstasjonen og i elv som nedafor kraftstasjonen ligg i Lomsdal/Visten nasjonalpark, noko vi ikkje kan akseptere. Tiltaket krev store masseuttak (og muleg avrenning frå tunellmasse som kan kome til å skade liv i fjorden og i elveløp) og deponering av slik masse. Drifta av ein vasskraftturbine skaper monoton støy som vil verke inn på fauna rundt kraftstasjonen. Slik støy vil måtte svekke rekreasjonsverdien i området. 3. Drift av vasskraftverk vil alltid i mindre eller større grad endre tilførselen av ferskvatn til fjord, noko som aukar faren for isdanning vinterstid og lågare vassføring i elv sommarstid, det siste med mulege følgjer for fisk i elv. Brynjulf Liland (sign.), Tom Hjellestad (sign.), Torill Jørgensen (sign.), Evy Breines (sign.), Dag Breines (sign.), Bjørg Celius (sign.) og Einar Jetne (sign.)
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Ikke angitt
Vedlegg av bilete og kart	